



Samhandling om IPS-metoden i Nordfjord

I februar 2016 starta eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Førde og NAV Sogn og Fjordane om bruk av metoden IPS ved Nordfjord Psykiatrisenter. Arbeid er helsefremjande og skal vere ein naturleg del av behandlinga. Gjennom IPS skal motiverte arbeidssøkarar få hjelp i jakta på den rette jobben.

To jobbspesialistar er tilsett som ein integrert del av det tverrfaglege behandlingsteamet og skal tilby jobbstøtte til både polikliniske og innlagte brukarar. I tillegg skal jobbspesialistane ha tett samarbeid med dei lokale NAV-kontora i Nordfjord. Jobbspesialistane skal bruke 65 % av arbeidstida ute i næringslivet for å bygge tillit og relasjonar til arbeidsgjevarar og gje jobbstøtte til dei som kjem ut i arbeid.

Målet for IPS er ordinært lønna arbeid basert på brukaren sine interesser, kompetanse og ferdigheter. Individuelt tilpassa jobbstøtte er ein integrert del av behandlinga, og jobbspesialistane kartlegg og bygger relasjonar til arbeidsgjevarar.

Personar med alvorlege psykiske lidningar som kjem i ordinært arbeid gjennom IPS fortel om betra sjølvkjensle, betra livskvalitet, mindre symptom og færre innleggingar.

Personar med alvorlege psykiske lidningar eller rusproblem kan nå draumen sin om å kome i ordinært arbeid, og arbeidsgjevarar ønsker å inkludere desse i jobbfelleskapet. Dette viser internasjonal forskning og erfaringar med metoden IPS (Individual Placement and Support). I Norge viser pilotprosjekt til gode resultat, der 6 av 10 personar med psykiske lidningar kjem seg i varig, ordinært arbeid.

Til dels dårlege resultat ved nasjonalt tilsyn – men ikkje i Sogn og Fjordane

Ny rapport: Alvorlig svikt mellom sykehus og kommunene

Mangler eller feil i pasienters helseinformasjon, bruk av faks og pasienter som skrives ut for tidlig. Dette er noen av funnene i en ny, landsomfattende undersøkelse fra Helsetilsynet.



SKRIVES UT TIDLIGERE FRÅ SYKEHUS: Fagleger og hjemmeløstjenesten får ofte ikke god nok informasjon om pasientens helsestand og behov for hjelp når pasienter skrives ut av sykehus. Illustrasjonsfoto.

Helsetilsynet offentliggjorde den 08.03.16 ein [rapport](#) om nasjonalt tilsyn med samhandling om utskrivning av pasientar, gjennomført i 2015. Rapporten er basert på 56 tilsynsrapporter, frå 19 helseføretak og 37 kommunar. Ved dei fleste av tilsyna vart det konstatert lovbrøt, og Helsetilsynet viser m.a. til mangelfull og sein informasjon, manglande oppfølging av samarbeidsavtalar og svikt i høve til legemiddellister.

Ved 13 av tilsyna vart det ikkje funne nokon forhold som var brot på loverket. Dette gjaldt både i Helse Førde og i dei to kommunane som var omfatta her i fylket, Gloppen og Vågsøy. Les meir i tilsynsrapportar som gjeld desse tilsyna – [Helse Førde](#) - [Gloppen](#) - [Vågsøy](#).

Det var elles gode resultat i heile Helse Vest-området.

Samhandlingskonferansen 2016

Så ei påminning om [samhandlingskonferansen 2016](#), den 05.-06.04.16. Påmeldingsfristen var sett til 07.03.16, men det er framleis mogeleg å kome med, om du er rask (innan 15.03.16).

I år skal altså alle, også tilsette i helseføretaket, melde seg på i KS sitt påmeldingssystem. Gå inn på [KS si nettside for konferansen](#).

Tre delavtalar

Følgjande delavtalar mellom kommunane og Helse Førde er no sendt ut for slutthandsaming og underskrift hos partane:

- [Delavtale om tilvising, innlegging og utskrivning](#) (revidert avtale)
- [Delavtale om pasienttransport](#) (ny)
- [Delavtale om samarbeid om den akuttmedisinske kjeda](#) (revidert avtale)

Kven har ansvar og mynde?



Det kan skje i øyeblikkeleg hjelp-situasjonar at kommunal lege og lege i spesialisthelsetenesta som AMK har kontakt med har ulikt syn på pasientens tilstand og kva som bør skje med pasienten. Kven har då det avgjerande ordet overfor ambulansepersonellet? Dette vart drøfta i fagrådet den 03.03.16. Det var semje om at kommunal lege har det formelle ansvaret, og dermed myndet, fram til lege i spesialisthelsetenesta eventuelt tek hand om pasienten.

Pasienttryggleiksutvalet i Helse Førde har tilrådd slik løysing:


«Når ambulansepersonell får ulike beskjedar om behandling av pasient frå legevaktlege og AMK-lege, skal AMK-legen ha det siste ordet dersom ingen lege er ute hos pasienten. Dersom legevaktlegen er ute hos pasienten, er det hans vurdering som skal gjelde.»



Fagrådet vurderte at ei slik løysing kan vere fornuftig, under føresetnad av at vurderingar bygger på fastsette prosedyrar for aktuelle pasientgrupper/diagnosar. Rådet kom likevel til at fylkesmannen bør konsulterast før ein tilrår dette som praksis.

Sjå elles sakene i fagrådet den 03.03.16, konklusjonane og presentasjonar [her](#).

Legar i primær- og spesialisthelsetenesta



Helsedirektoratet la den 07.03.16 fram rapporten «[Leger i primær- og spesialisthelsetjenesten](#)» (IS-2423). Her har ein m.a. sett på rekrutteringa av turnuslegar, og det blir

konkludert med at fjerning av ordninga med utlysing av rekrutteringssvake sjukehus i første pulje ikkje ser ut til å ha nokon negativ effekt for tal søkjarar på turnusstillingar i desse sjukehusa.

Helse Førde og folkehelse

Helseføretaket arbeider vidare saman med representantar for kommunane, fylkeskommunen og høgskulen om å få fram det kunnskapsgrunnlaget som trengst i folkehelsearbeidet med basis i Samhandlingsbarometeret. Viktig er det og korleis denne kunnskapen faktisk blir nytta inn i planlegginga av tiltak som kan bidra til gode levekår og livskvalitet. I tillegg er det fokus på ein delavtale mellom helseføretaket og kommunane som skal følgjast opp.

Helse Førde er i ferd med å bli kjent som det helseføretaket som interesserer seg for folkehelse, og det er bra. Det er også slik at spesialisthelsetenesta faktisk har eit formelt ansvar for å bidra til kunnskaps- og kompetanseutvikling på området og overvaking av sjukdom og risikofaktorar.

Gulen kommune



Premissane for at Gulen kommune kan bruke Haraldsplass Diagonale Sykehus og Haukeland Universitetssjukehus utan at helseføretaksgrensa er endra, skal no vere avklara. Dette har vore ei spesiell sak der noko av bakgrunnen er Gulen kommune sitt legevakts- og ø-hjelpssamarbeid med kommunar i Nordhordland. Gulen skal forhalde seg til Helse Bergen og dermed også ha samarbeidsavtalar med dette helseføretaket i staden for Helse Førde.

Aktuelle møte og konferansar

[Brukarutvalet](#) har sitt neste møte den 16.03.16. Det er møte i [koordineringsrådet](#) den 20.04.16. Neste møte i [fagrådet](#) er den 19.05.16. [Dialogmøte](#) mellom Helse Førde og politisk leiing i kommunane/fylkeskommunen er beramma til 27.05.16.

Samhandlingskonferansen den 05.-06.04.16 er omtalt ovanfor.